



## Saksframlegg

| Utval         | Møtedato | Utvalsak |
|---------------|----------|----------|
| Formannskapet |          |          |
| Kommunestyret |          |          |

## Ny vurdering av eigarskap i Notodden Lufthavn Eiendom AS

### Vedlegg

- 1 2025-0904 Vinje kommune Formannskap
- 2 Særutskrift - Vurdering av eigarskap i Notodden Lufthavn Eiendom AS
- 3 Endring av eierstrategi og finansiering av terminalbygg

### Bakgrunn

Kommunestyret gjekk i juni 2023 inn for å aksjeteikning på stort nkr 5 mill. i eigarselskapet til Notodden lufthamn. Nytt kommunestyre tok ut att løyvinga i økonomiplan-handsaminga for perioden 2024-2027.

Vinje formannskap fekk i september-møtet ei ny orientering om status for utbyggingsplanane for flyplassen, og kommunen har fått ei oppmoding om å gjere ei ny vurdering av aksjeteikning i eigedomsselskapet og matche Tinn kommune sitt bidrag. Hjartdal og Kongsberg vil også bli førespurt.

### Vurdering

Notodden kommunestyre har i møte 10. september endra eigarskapsstrategien til Notodden lufthavn eiendom AS og godkjent at selskapet tek opp inntil 12 mill. kr. i lån. Saksframstillinga i Notodden ligg som vedlegg til saka.

Administrasjonens vurderingar om at ein regulær rutetrafikk på Notodden lufthamn vil vere positivt for næringsliv og innbyggjarar i Vinje, er uendra frå saka 2023.

Eit eventuelt aksjekjøp må finansierast gjennom bruk av fond. Oppdatert fondsoversyn lig i denne [lenka](#). Ettersom det sitjande kommunestyret har dradd inn løyvinga, så blir saka blir fremma utan tilråding.

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak